



**ALVER**  
KOMMUNE

# Snekkevika

Rapport synfaring 18.08.22



## Avkøyrslø



Bilde 1: Tatt frå midt i vegen ved raud x i bilde 2



Bilde 2: Viser førar si sikt slik bilen dtår plassert på bilde 1.

**Commented [IW1]:** Ser heilt anleis ut i skrivebordsprogram, her hopper det i alle retningar....

Dagens avkøyrslø har særleg dårleg sikt mot venstre. Avkøyrslø må endrast med utforming som tilfredstiller krava til avkøyrslø frå offentleg veg før det gis løyve til utbygging i hyttefeltet.




Bilde 3: Avkøyrslø motsatt side enn bilde 1.

### Veg mellom fylkesvegen og dagens naustområde

I dette området ligg tilkomstvegen til Snekkevika svært tett på vatnet på yttersida og langs fjellskjæring med overheng over vegen på innsida. Ved synfaring ser ein at vatnet ligg heilt inn til dagens vegfylling og det er mange sprekker i fjellsida og potensielle steinsprang. Plan bør vurderer om det bør lagast ein rapport knytt til tilkomstvegen og evt. rassikring før plangodkjenning. I anleggsfasen vil det gå tyngde køyretøy langs vegen. Det bør og sjekkast at brua vil tåle denne type transport.

Langs vegen inn mot brua går det ein grøftebekk som endar i elva tett ved der elva krysser vegen.

Det ligg lenser i vatnet utfor elveutløpet, truleg i samband med bygging av ny fylkesveg. Det bør vurderast tilsvarende krav ved framtidig utbygging.



Bilde 4: Oversikt tilkomstveg langs Kjesetvatnet.



Bilde 5: Bru på tilkomstveg.



Bilde 6: Veg langs vatnet.

### Gangveg bolta til fjell

Planen har foreslått regulert inn offentlig gangveg langs dette berget mot badevika som ligg innafor (langs berg i bilde 7).

Dette er ei svært lita badevik som eignar seg meir for ein kjapp badetur enn for lengre opphald (lite tilgjengele areal for opphald på tørr grunn).

Badevika har tilkomst med eigen sti frå fylkesvegen lenger nord for avkøyrsla til naustområdet. Tilkomsten er ein natursti og det stilles spørsmål til om dette er ei badevik som treng universell tilkomst via gangveg langs berget.

Ut frå størrelsen på badevika vil ein offentlig tilkomst langs begsida tilsei at kommunen



Bilde 7: Bergsida kor det er foreslått gangveg bolta i fjell.



Bilde 8 og 9: Badevika ved lav fjæra sjø. Lite opphaldsareal.



sponsar hyttefeltet med privat tilkomst badevik.

Dagens tilkomst via natursti til badevika, kan med fordel utbetrast og gjerast meir brukarvennleg ved enkel vegetasjonsrensk og små utbetringar langs stien.